

Ein kan bli ny på Kvinnedagen

29.02.2012



- **Malongo** kaffidemonstrasjon av Egle Aasamäe
- Produktpresentasjon av **Dråpe Dagspa** (hud og negler), sminking av «BLI NY» kandidat
- **Pomp de luxe** kolleksjon presentert av Beate Solem Røssland
- **Zjakk** frisørsalong plukkar ut ein heldig «BLI NY» kandidat for kvelden!

Systrene Nilsen serverar heimelaga salatar og nybakt brød for kr 149,- per person.



Bordbestilling telefon 91 00 22 07 el. systrene.nilsen@gmail.com



Systrene Nilsen

Rusfritt arrangement - skjenkeløyve fom 1. april

**Jentene i Uskedalen legg stadig stor kreativitet for dageh.
Etter morsdagsgimmicken med bh-ane spurde vi kva det neste ville bli.
Då hadde vi Kvinnedagen 8. mars i tankane.
No kjem svaret, som går ut på at det blir jentekveld på
Systeme Nilsen i regi av systrene og Spardamene.
Denne kvelden kan ein av dei frammøtte bli ny..
Som det går fram av annonsen
vil det skje gjennom sminking i restauranten**

Gunnhild Nilsen Hillestad opplyser til uskedalen.no at valet av den som skal bli ny skjer ved trekking mellom gjestane. Trekkinga er det Zjakk frisørsalong som føretek. og salongen har naturleg nok hånd om kandidaten,

Blant programpostane elles er produktpresentasjon av Husnes-firmaet Dråpe Dagspa som også har ei rolle å spela i sminkinga ettersom dei er spesialistar på hud og neglar. Beate Solem Røssland skal presentera ein kleskolleksjon med hovudvekt på barneklær.

Det blir sjølvsagt servert mat og drikke, men det blir presisert at dette er eit rusfritt arrangement. Skjenkeløyve blir først gjeldande frå og med 1. april, med andre ord i påska.

- Kvifor ikkje nytta den ambulerande skjenkeretten, Gunnhild?
- Det er forsåvidt eit godt spørsmål, men vi har ikkje sett nokon spesiell grunn til det. Dette er ein vekedag med kvardag etterpå og vi skal koma att med vanleg skjenkerett allereie 1. april. Vi kvir oss mot ein ekstra runde med papirmølla,

Av Ola Matti Mathisen